

OED  
Postboks 8148 Dep.  
0033 Oslo

Stord 11.02. 2015  
Dykkar ref.  
Vår ref. 115702/1  
Arkivnr.  
Saksbehandler Odd Terje Waldal  
Sider 2

## Høyringsuttale til tilleggshøyring om endringar i energilova

Eg viser til departementet sitt høyringsnotat "Tilleggshøring – forslag til endringer i energiloven" om overføring av anlegg i sentralnettet, med høyringsfrist 13. februar 2015. Som underlag for SKL sitt syn i saka om salg av sentralnettet, viser eg dessutan til SKL sin uttale 09.01.2014 til føreslåtte endringar i energilova som gjennomføring av EU sin tredje elmarkedspakke.

Departementet meiner at frivillige overdragingar basert på avtale med Statnett bør vere føretrekt løysing. På bakgrunn av innspel i forrige høyringsrunde ser departementet det "ikke lenger som hensiktsmessig at det bør være en regulatoroppgave å utvikle en metode som kan benyttes til å beregne og fastsette en salgssum for anleggene som skal overdras". Bakgrunnen for dette er m.a. innspel om at "prinsippene som var foreslått var for generelle og ikke ville avspeile den virkelige verdien".<sup>1</sup> Departementet legg no i staden opp til to alternative mekanismer for twisteløysing for det tilfelle at partane ikke kjem til enighet; voldgift eller ekspropriasjon.

SKL synest det er svært positivt at departementet:

- Slår fast den klare hovudregelen om avtalefrihet mellom seljar og kjøpar, og at partane står fritt til å forhandle seg fram til hensiktsmessige løysningar om overdraging av sentralnettstanlegga.
- Slår fast det grunnleggjande utgangspunktet om at seljar skal ha full erstatning for økonomisk tap som følgje av overdraginga.

I tilfelle der overdraginga skjer ved ekspropriasjon følgjer prinsippet om full erstatning for avstått eigedom direkte av vederlagslova<sup>2</sup>. Utgangspunktet i vederlagslova er som kjent at det skal ytast full erstatning, rekna med utgangspunkt i salgsverdi (§ 5) alternativt bruksverdi (§ 6), avhengig av kva som gir best økonomisk resultat for overdragende selskap, jf § 4 i lova. SKL meiner at reglane i lova er eit godt og hensiktsmessig utgangspunkt for korleis kompensasjonen for avståing av våre sentralnettstanlegg skal reknast ut. Reglane tek m.a. omsyn til at anlegga – ut frå faktiske forhold – kan ha ein bruksverdi for seljar som overstig

<sup>1</sup> Jf høyringsnotatet s 8.

<sup>2</sup> Lov om vederlag ved oreigning av fast eigedom av 6. april 1984 nr 17

ein eventuell salgsverdi. Dette er i høgste grad reelt for SKL, der tap av retten til å drive denne verksemda får økonomiske konsekvensar for vårt selskap. I og med at overdraginga av sentralnettet i vårt tilfelle ikkje berre er salg av objekt/anlegg, men like mykje avståing av næringsverksemd, vil for SKL sitt tilfelle ei tilnærming mot bruksverdi kunne gi ein rett kompensasjon for vår avståing av sentralnettet.

Bruksverdien *"fastsetjast på grunnlag av avkastninga av eigedomen ved slik pårekneleg utnytting som det røynleg er grunnlag for etter tilhøva på staden"*, jf § 6. Ei slik tilnærming inneber at det overdragande selskapet vil få kompensasjon for tapet det lir som følgje av overdraginga, herunder kompensasjon for eventuelle negative økonomiske konsekvensar for selskapet si resterande verksemd etter at overdraginga er gjennomført. Det avgjerande i denne samanheng er sjølvsagt økonomiske forhold hos overdragende selskap. Eventuelle konsekvensar for Statnett si inntektsramme eller andre økonomiske konsekvensar for Statnett som ekspropiant er naturleg nok utan betydning i denne samanheng.

Når departementet no legg til grunn at reglane i vederlagslova skal nyttast, vil partane vere kjent med kva prinsipp som skal gjelde for verdsettinga av den verksemda som SKL må overdra. SKL føreset såleis at føreståande forhandlingar med Statnett skjer innanfor desse rammer. Slik SKL ser det, vil eit slikt felles utgangspunkt vere avgjerande for at vi som partar kan lukkast med å kome fram til frivillige avtalar. Frivillig løysing vil av mange grunnar vere å føretrekke for alle partar, framfor bruk av tids- og ressurskrevjande tvisteløysingar som voldgift eller ekspropriasjon.

Når det gjeld kommentarar til føreslalte mekanismar for tvisteløysing for dei tilfelle partane ikkje kjem fram til frivillige avtalar, viser eg til høyringsuttalen frå Energi Norge, som SKL sluttar seg til.

Med helsing  
SKL AS



Magne Heimvik  
konsernsjef

The handwritten signature "Magne Heimvik" is written in blue ink over the printed name and title.